

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	03.02.2021
Tid:	12:15-15:50

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Moland	Medlem	H
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Trude Brosvik	Nestleiar	KRF
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Bente Borghild Underthun	Medlem	
Sigrid Rønneberg	Medlem	
Inge Øystein Aareskjold Fiskvik	Leiar	
Egil Bru Overaa	Medlem	
Anita Helen Hammerseth Æsøy	Medlem	

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Kari Louise Elster Moen	Senioringeniør - avdeling for infrastruktur og veg
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar - seksjon for forvaltning, utgreiing og geodata
Torill Klinker	Seksjonsleiar - transportplanseksjonen
Svein Book Dalsgård	Leiar - kundeopplevingar, Skyss
Tom Arne Steinstad	Leiar - innsikt og løysingar, Skyss
Arild Knapskog	Rådgjevar - politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2020	2020/77152	
	Referatsaker		
RS 1/21	Pilotprosjekt for elsparkesyklar i Bergen kommune	2019/101	
RS 2/21	Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord	2020/77152	
RS 3/21	Båtanbod rutepakke 3 - opsjon universell utforming	2020/77152	
RS 4/21	Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding og hovudmål	2020/77152	
RS 5/21	Orienteringar og diskusjon kring møteplanen 2021	2020/77152	
	Politiske saker		
PS 1/21	Føringar ved utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i Bergen	2021/804	
PS 2/21	Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord		

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere sak RS 2/21 «Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

Følgjande saker vart sett på sakslista til neste møte:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å sette sak om universelt utforma læringsarena med fokus på lesing og skrivning på sakslista til neste møte.

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknadene ovanfor.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 02.12.2020

Møtebok frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 02.12.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

Møteprotokoll frå møte 02.12.2020 vart godkjent.

Referatsaker

RS 1/21 Pilotprosjekt for elsparkesyklar i Bergen kommune

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

RS 1/21 vart referert.

RS 2/21 Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

Saka vart samrøystes vedteke gjort om til ei politisk sak av rådet.

Sjå sak PS 2/21

RS 3/21 Båtanbod rutepakke 3 - opsjon universell utforming

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

RS 3/21 vart referert.

RS 4/21 Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding og hovudmål

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

RS 4/21 vart referert.

RS 5/21 Orienteringar og diskusjon kring møteplanen 2021

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

RS 5/21 vart referert.

Politiske saker

PS 1/21 Føringar ved utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i Bergen

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet legg til grunn at det i Bergen sentrum er særleg viktig å sikre framkomst for mjuke trafikantar. Fortau langs fylkesveg skal primært nyttast av mjuke trafikantar.
2. Fylkesutvalet ønskjer å leggja til rette for uteservering på stader som er eigna for det, med vilkår som gjer at ein tar omsyn til fotgjengarar og serveringsstader. Ein føresetnad er at uteserveringa ikkje kjem i konflikt med hovudføremålet for fortausareala eller andre gjeldande regelverk.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit samarbeid med Bergen kommune og Statens vegvesen for å starta eit arbeid med fotgjengar-teljingar i Bergen sentrum. Målet er å få betre kunnskap om behovet for fritt ferdselsareal for gåande.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

Trude Brosvik (Krf) sette, på vegne av rådet, fram slikt forslag:

«RMNF er glade for at innstillinga i saka så tydeleg prioriterer mjuke trafikantar. RMNF vil særleg peike på at ansvaret for menneske med nedsett funksjonsevne vert vektlagt når ein vurderer utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering»

Kjell Gitton Håland (A) sette, på vegne av rådet, fram slikt tilleggsforslag:

«RMNF er spørjande til vedtak i fylket si klagenemnd som har gjeve klagarar delvis medhald til meir areal. Dette går utover tilgjengeleg fortausareal for mjuke trafikantar / menneske med nedsett funksjonsevne»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med følgjande uttale:

1. RMNF er glade for at innstillinga i saka så tydeleg prioriterer mjuke trafikantar. RMNF vil særleg peike på at ansvaret for menneske med nedsett funksjonsevne vert vektlagt når ein vurderer utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering.
2. RMNF er spørjande til vedtak i fylket si klagenemnd som har gjeve klagarar delvis medhald til meir areal. Dette går utover tilgjengeleg fortausareal for mjuke trafikantar / menneske med nedsett funksjonsevne.

PS 2/21 Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 03.02.2021

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å gjere RS 2/21 «Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord» om til ei politisk sak og sette saka på sakslista.

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag:

«RMNF ber om meir informasjon om utviklinga i denne saka, og forutset at det vert tatt omsyn til den gruppa vi ivaretar og tilrettelagt for universell utforming»

Avrøysting

Forslaget til Brosvik vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kjem med slik uttale:

RMNF ber om meir informasjon om utviklinga i denne saka, og forutset at det vert tatt omsyn til den gruppa vi representerer og tilrettelagt for universell utforming.